

**Arkiv:** <arkivID><jplD>  
GBNR-137/832, FA-  
L41

**JournalpostID:**

**Sakshandsamar:**

**Dato:** 08.09.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
146/21	Utval for areal, plan og miljø	13.10.2021
	Alver kommunestyre	

### **Fastsetjing av planprogram - Detaljreguleringsplan for Galteråsen næringsområde, gbnr. 137/832 mfl. PlanID 46312021002**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Alver kommunestyre fastset planprogram dagsett 26.5.2021 som grunnlag for vidare utarbeiding av detaljreguleringsplan for Galteråsen næringsområde, gbnr. 137/832 mfl. PlanID 46312021002. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 12-9 tredje ledd og forskrift om konsekvensutredningar § 16.».

Jogeir Romarheim-Krf bad om vurdering av sin habilitet, jf.forv.l. § 6.b. Utvalet vurderte han samrøystes som ugild og Romarheim deltok ikkje i handsamng av denne saka.

#### **Utval for areal, plan og miljø 13.10.2021:**

##### **Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 8 røyster (Jon Vidar Sakseide-Krf, Anne Grete Eide-Åp, Ståle Hopland-Uavh, Vigdis Villanger-Sp, Kenneth Murberg-H, Heine Fyllingsnes-H, Thomas Wallem-H, Sveinung Toft-V.

##### **APM- 146/21 innstilling:**

«Alver kommunestyre fastset planprogram dagsett 26.5.2021 som grunnlag for vidare utarbeiding av detaljreguleringsplan for Galteråsen næringsområde, gbnr. 137/832 mfl. PlanID 46312021002. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 12-9 tredje ledd og forskrift om konsekvensutredningar § 16.».

##### **Bakgrunn for planarbeidet**

På vegne av tiltakshavar Romarheim Entreprenør AS og Lihiba AS har plankonsulent Ard arealplan AS engasjert Rådgivande Biologer AS til å utarbeide framlagt planprogram som gir føringar og rammer for det vidare reguleringsarbeidet. Tiltakshavar ynskjer å etablere eit nytt næringsområde i tråd med overordna føringar, som bindar saman eksisterande bygde område i vest og aust i ein heilheit. Sentrale momenta i planen er å skape gode tverrforbindelsar for å ivareta allmenne friluftssinteresser og laga eit godt trafikalt system kanalisert mot krysset i aust for å skjerma bustad område i sørvest for tungtransport.

##### **Planprosess**

Ved varsel om oppstart av reguleringsarbeid vart forslag til planprogram lagt ut på høyring. Det kom inn 5 uttaler frå offentlege mynde og 3 merknader frå private partar/lag/organisasjonar. Merknadsskjema med samanfatta uttaler/merknader og forslagsstillar si kommentar, samd fullstendig versjon av innkomne uttaler/merknader ligg vedlagt saka.

**Vurdering**

Rådmannen støttar seg til forslagsstillar sine kommentarar slik det kjem fram av merknadsskjema og vurderer at planprogrammet tek hand om dei krav og innspel som vart sendt inn i samband med høyringa.

**Konklusjon**

Rådmannen rår til at framlagt planprogram vert fastset.

**Vedlegg i saken:**

04.10.2021	1.Planprogram_26.5.2021	1607212
04.10.2021	2.Merknadsskjema_oppstart	1607213
04.10.2021	3.Samla uttaler_oppstart	1607214